

Forskrift om frist for spreiiing av gjødselvarer av organisk opphav, Sund kommune, Hordaland

Heimel: Fastsett av Sund kommunestyre den 20.06.2017 med heimel i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav, jf. lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova).

§ 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å tilpasse spreietidspunkt til lokal praksis og veksttilhøve i kommunen. Forskrifta skal sikre at gjødselvarerne kan utnyttast best mogeleg for planteproduksjon utan at det fører til forureining og er til unødig ulempe for nærområda, jamfør forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23.

§ 2. Definisjonar

For definisjoner av ord og uttrykk vert det vist til vedlegg 1 om definisjonar til forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav.

§ 3. Verkeområde

Denne forskrifta gjeld for spreiiing av gjødselvarer mv. av organisk opphav. Forskrifta gjeld for alt godkjent spreieareal i heile kommunen. Godkjent spreieareal er fulldyrka og overflatedyrka jord. Kommunen kan etter søknad godkjenne anna areal, som til dømes innmarksbeite, jamfør forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 24.

§ 4. Spreietidspunkt med tilhøyrande vilkår

Spreiiing av gjødselvarer av organisk opphav med nedmolding/nedfelling er berre tillate i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikkje tillate å spreie gjødselvarer på snødekt eller frossen mark.

Spreiiing av husdyrgjødsel som kan medføre tap av næringsstoffer skal så langt det er mogleg skje i perioden frå våronnstart til 1. september, og fortrinnsvis om våren når planteveksten tar til. Spreiiing utan nedmolding/nedfelling på eng og annan grøde bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det er moglegheit for tydeleg gjenvekst som vert hausta eller beita.

Landbruksføretak med tilstrekkeleg spreieareal, kan spreie gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling på eng og annan grøde til og med 30. september. Det må unngåast å spreie husdyrgjødsel på sterkt hellande mark i denne perioden. Det bør visast aktsemd ved spreiiing i periodar eller inn mot periodar med varsel om nedbør.

I perioden 1.-30. september skal det ved spreiiing utan nedmolding/nedfelling på eng og anna grøde, maksimalt spreiest 2 m³ pr. dekar. Mot alle vassdrag skal det setjast att ei buffersone på minst 10 meter som ikkje skal gjødslast.

Kommunen kan, på dei vilkår som er nemnt i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23, gje løyve til seinare spreiiing med enkeltvedtak, men ikkje seinare enn 1. oktober.

§ 5. Forbod mot vass- og luftforureining

Husdyrgjødsel skal disponerast slik at ho ikkje fører til forureining eller fare for forureining eller på anna måte er i strid med omsyn nemnd i § 1.

Det er gardbrukaren sitt ansvar å sjå til at gjødselvarer av organisk opphav disponerast slik at det ikkje fører til forureining eller fare for forureining av luft, vatn, vassdrag og sjø.

Kommunen kan ved enkeltvedtak forby spreiding av gjødselvarer mv. av organisk opphav i heile eller deler av perioden frå og med 1. september til og med 30. september i område med alvorleg forureining eller fare for alvorleg forureining.

§ 6. Forhold til andre lover

Krav utover denne forskrift som vert stilt i andre lover eller forskrifter må tilfredsstillast.

§ 7. Klage

Enkeltvedtak gjort av kommunen etter denne forskrift påklagast, jf. forvaltningsloven § 28. Klagefrist er 3 veker etter mottak av vedtak. Klaga skal sendast til kommunen.

§ 8. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft straks.